



Sykkylven jeger og fiskeforening
Pb.63
6239 Sykkylven

Bankkonto nr. 40453031960

Leiar: Johnny Winsjansen
tlf. 70 25 23 21
mob. 97 00 40 10
E.post: sykkylvenjff@njff.org

Sekretær: Helge Ekornåsvåg
tlf 70 25 24 30

Kasserar: Bjarne Enstad
Tlf. 70 25 16 34

Høyringsfråsegn SJFF Gimsdalselva kraftverk

Sykkylven JFF er tilknytt NJFF, og har jakt, fiske og friluftsliv som heilt sentrale arbeids- og interessefelt. Særleg er vi opptekne av den lokale, kommunale naturforvaltninga. Når det gjeld det planlagde Gimsdalselva kraftverk er det i hovudsak eitt moment SJFF meiner må tilleggjast avgjerande vekt når NVE skal avgjere søknaden.

Lav minstevassføring over ei svært lang strekning av Gimsdalselva med stor fare for negative konsekvensar for liv i elva (vasslevande innsekt, yngel og rogn av anadrome laksefisk og stadeigen bekkaure). Vassføringa i Gimsdalselva vil bli sterkt redusert, sjølsagt nedetter dei bratte fossefalla, men også over ei 1,2 km lang lakseførande strekning med mange gode gyte- og oppvekstområde for laksefisk, ikkje minst sjøaure, før Gimsdalselva renn i hop med elva frå Straumsdalen, og får tilført noko meir vatn derifrå. Frå dette elvemøtet er det likevel 700 m til av vassdraget som får redusert vassføring ned mot det planlagde kraftverket. Dette er etter SJFF sitt syn eit omfattande og alvorleg inngrep i vassdraget. Det er nasjonalt fokus på den kritiske situasjonen for sjøauren, ikkje minst i vårt fylke og nabofylka, der sjøauren kjempar ein svært vanskeleg kamp mot millionar av lakseluslarvar som året rundt driv innerter fjordstraumane der sjøauren lever og oppheld seg. Mange bukkar under, og dei som greier seg møter i større grad enn før andre utfordringar også, som forureina, øydelagde, rørslagde, tørrlagde gytebekkar/småelvar. Det er i dette lyset SJFF meiner ein må sjå planane om kraftverket i Gimsdalselva. Meir enn nokon gong er det no viktig å ta vare på og verne slike elvar som Gimsdalselva. Med ei minstevassføring på berre 81 l/sek er det stor fare for tørrleggjing/uttørking /nedising av gytegroper, yngel og anna liv i elva. SJFF kan ikkje sjå at der i søknaden på nokon måte er teke omsyn til mulege konsekvensar ved utilsikta stopp/problem ved kraftverket, noko som i tillegg til dei nemnde ulempene og farene ved den lave minstevassføringa i Gimsdalselva, kan føre til at heile Vikeelva nedanfor kraftstasjonen blir tørrlagd i løpet av få minutt, med dei følgjer dette kan få for laks, sjøaure og anna liv i elva. Vi går ut frå at utbyggjar som del av evt konsesjonsvilkår blir pålagt erstatningsansvar ved t.d. stopp i kraftverket. SJFF er kjend med at der no er konkrete planar om kultivering i Vikeelva, som Gimsdalselva er ein del av, for om muleg å byggje opp att lakse – og sjøaurestammene. SJFF meiner det må vere rett å støtte opp under slike tiltak, heller enn å forringe, og kanskje øydeleggje viktige gyte- og oppvekstområde i vassdraget.

I tillegg til konsekvensane for fisk og anna liv i Gimsdalselva, vil Sykkylven JFF peike på ei anna side ved det planlagde kraftverket, som vanskeleg kan nullstillast og evt rettast på i ettertid. For SJFF verkar det som om prosjektet er strekt maksimalt i begge endar, både i nedkant mot kraftstasjonen, og i starten der veg og inntak er plassert i sjølve inngangen til eitt av dei mest populære og flotte natur- og rekreasjonsområda i Sykkylven: Gimsdalen! Gimsdalen ligg i nærleiken av fleire sentrale bumiljø, og er lett tilgjengeleg. Turbøkene fortel om tusenvis av brukarar. For mange av desse er truleg verdien og vissa om rein, urørt natur eit

viktig element som er med på å auke tur – og naturopplevinga. På siste strekket opp mot Gimsdalssetra har ein Gimsdalsfossane buldrande like nedom vegen, før ein så er oppe på kanten og verkeleg kan ta inn over seg synet og opplevinga av både seterområdet og den vakre, ville fjelldalen innover. Det er ikkje til å unngå at det planlagde kraftverket (med synleg inntak, rørgate, minstevassføring) vil kome inn som eit framand, forstyrrande element i dette. Etter Sykkylven JFF sitt syn bør også slike omsyn takast med i vurderinga.

Sykkylven jeger og fiskeforening

Johnny Winsjansen
Leiar
Sign

Helge Ekornåsvåg
Sekretær
sign